


# Turstiar i Hjelmeland

[www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no)



P Parkering




WC Toalett



i Informasjonsskilt



Matservering



Severdighet

## Skomakarnibbå

Skomakarnibbå er namnet på eit særmerkt fjellparti ved Jøsenfjorden. Ein tur til Skomakarnibbå er ei variert og spennande oppleving. Turen går opp i 700 meters høgd med vakkert utsyn over fjell og fjord.

Sving av riksveg 13 i rundkjøringa ved Sande (ferjestøa på Hjelme-land). Følg fylkesvegen mot Vormedalen om lag 1,5 km. Avkjørsla er skilta til Hagalid.

Vegen stig bratt til Hagalid. Pass på at du parkerer før du kjem til gardstunet. Følg merka sti gjennom gardstunet.

Første del av turen går på skogsveg gjennom skogsterren. Sidan ber det på sti opp på fjellet og fram til det stupbratte Ullsvikjuvet ved Jøsenfjorden. Her ligg Skomakarnibbå.

Stien har bratte parti. Stien går ikkje ut på sjølve nibba. Tur-retur med Hagalid som utgangspunkt tar 5-6 timer når vi vil nyta landskapet. Høgdeskilnaden er om lag 400 meter.



Spektakulære Skomakarnibbå.  
(Foto: Pål Christensen)



Fantastisk utsyn.  
(Foto: Pål Christensen)



Karstykke 700 meter over fjorden.  
(Foto: Anne Kari Skogerbo)